

KOMMISJONSDIREKTIV 2006/127/EF

2010/EØS/67/25

av 7. desember 2006

**om endring av direktiv 2003/91/EF om fastsetjing av gjennomføringstiltak for artikkel 7 i
rådsdirektiv 2002/55/EF med omsyn til kva eigenskapar som minst skal omfattast av og kva
minstekrav som skal gjelde for gransking av visse grønsaksortar(*)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske
felleskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 2002/55/EF av 13. juni 2002
om markedsføring av grønnsakfrø⁽¹⁾, særleg artikkel 7 nr. 2
bokstav a) og b), og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonsdirektiv 2003/91/EF⁽²⁾ vart vedteke for å sikre at dei sortane som medlemsstatane fører opp i dei nasjonale listene sine, stettar dei rettleiande prinsippa som plantesortskontoret til Fellesskapet (CPVO) har fastsett med omsyn til kva eigenskapar som minst skal omfattast av og kva minstekrav som skal gjelde for gransking av sortane, i den mon det er fastsett slike rettleiande prinsipp. For andre sortar er det fastsett i direktivet at dei rettleiande prinsippa til Den internasjonale unionen for vern av nye plantesortar (UPOV) skal nyttast.
- 2) CPVO og UPOV har seinare utferda ytterlegare rettleiande prinsipp for ei rekkje andre artar og ajourført dei prinsippa som alt finst.
- 3) Verkeområdet for direktiv 2002/55/EF er vorte utvida til å omfatte nye artar.
- 4) Direktiv 2003/91/EF bør difor endrast.
- 5) Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for frø og økslingsmateriale innan jordbruk, hagebruk og skogbruk —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

Vedlegg I og II til direktiv 2003/91/EF vert bytte ut med teksta i vedlegget til dette direktivet.

Artikkel 2

Når det gjeld granskingar som tok til før 1. juli 2007, kan medlemsstatane avgjere om dei vil nytte den versjonen av direktiv 2003/91/EF som galdt før det nemnde direktivet vart endra ved dette direktivet.

Artikkel 3

Medlemsstatane skal innan 30. juni 2007 vedta og kunngjere dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal straks sende over til Kommisjonen teksta til desse føresegnene og ein jamføringstabell som viser sammenhengen mellom desse føresegnene og føresegnene i dette direktivet.

Dei skal nytte desse føresegnene frå 1. juli 2007.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

Artikkel 4

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Artikkel 5

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfærd i Brussel, 7. desember 2006.

For Kommisjonen

Markos KYPRIANOU

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 343 av 8.12.2006, s. 82, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 75/2007 av 6. juli 2007 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 60, 13.12.2007, s. 8.

⁽¹⁾ TEF L 193 av 20.7.2002, s. 33. Direktivet sist endra ved direktiv 2004/117/EF (TEU L 14 av 18.1.2005, s. 18).

⁽²⁾ TEU L 254 av 8.10.2003, s. 11.

VEDLEGG

«VEDLEGG I

Liste over artar som er nemnde i artikkel 1 nr. 2 bokstav a) som skal vere i samsvar med prøvingsprotokollane til CPVO

Vitskapleg namn	Vanleg namn	Protokollen til CPVO
<i>Allium cepa</i> L. (Kepa-gruppa)	Kepaløk	TP 46/1 av 14.6.2005
<i>Allium cepa</i> L. (Aggregatum-gruppa)	Sjalottlauk	TP 46/1 av 14.6.2005
<i>Allium porrum</i> L.	Purre	TP 85/1 av 15.11.2001
<i>Allium sativum</i> L.	Kvitlauk	TP 162/1 av 25.3.2004
<i>Asparagus officinalis</i> L.	Asparges	TP 130/1 av 27.3.2002
<i>Brassica oleracea</i> L.	Blomkål	TP 45/1 av 15.11.2001
<i>Brassica oleracea</i> L.	Brokkoli eller calabrese	TP 151/1 av 27.3.2002
<i>Brassica oleracea</i> L.	Rosenkål	TP 54/2 av 1.12.2005
<i>Brassica oleracea</i> L.	Knutekål	TP 65/1 av 25.3.2004
<i>Brassica oleracea</i> L.	Savoykål, kvitkål og raudkål	TP 48/2 av 1.12.2005
<i>Capsicum annuum</i> L.	Chilipepper eller paprika	TP 76/1 av 27.3.2002
<i>Cichorium endivia</i> L.	Krusendiv og endiv med breie blad	TP 118/2 av 1.12.2005
<i>Cichorium intybus</i> L.	Rotsikori	TP 172/2 av 1.12.2005
<i>Cichorium intybus</i> L.	Salatsikori	TP 173/1 av 25.3.2004
<i>Cucumis melo</i> L.	Melon	TP 104/1 av 27.3.2002
<i>Cucumis sativus</i> L.	Agurk og sylteagurk	TP 61/1 av 27.3.2002
<i>Cucurbita pepo</i> L.	Mandelgraskar	TP 119/1 av 25.3.2004
<i>Cynara cardunculus</i> L.	Artisjokk og kardon	TP 184/1 av 25.3.2004
<i>Daucus carota</i> L.	Gulrot og förgulrot	TP 49/2 av 1.12.2005
<i>Foeniculum vulgare</i> Mill.	Fennikel	TP 183/1 av 25.3.2004
<i>Lactuca sativa</i> L.	Salat	TP 13/2 av 1.12.2005
<i>Lycopersicon esculentum</i> Mill.	Tomat	TP 44/2 av 15.11.2001
<i>Phaseolus vulgaris</i> L.	Krypbønne og stangbønne	TP 12/2 av 1.12.2005
<i>Pisum sativum</i> L. (partim)	Hageert, margert og sukkerert	TP 46/1 av 6.11.2003
<i>Raphanus sativus</i> L.	Hagereddik	TP 64/1 av 27.3.2002
<i>Spinacia oleracea</i> L.	Spinat	TP 55/1 av 27.3.2002
<i>Valerianella locusta</i> (L.) Laterr.	Vanleg vårsalat	TP 75/1 av 27.3.2002
<i>Vicia faba</i> L. (partim)	Bønnevikke	TP bønnevikke/1 av 25.3.2004
<i>Zea mays</i> L. (partim)	Sukkermais og popkorn	TP 2/2 av 15.11.2001

Teksta til desse protokollane er å finne på nettstaden til CPVO (www.cpvo.europa.eu).

VEDLEGG II

Liste over artar som er nemnde i artikkel 1 nr. 2 bokstav b) som skal vere i samsvar med prøvingsprotokollane til UPOV

Vitskapleg namn	Vanleg namn	Dei rettleiande prinsippa til UPOV
<i>Allium fistulosum</i> L.	Pipelauk	TG/161/3 av 1.4.1998
<i>Allium schoenoprasum</i> L.	Graslauk	TG/198/1 av 9.4.2003
<i>Apium graveolens</i> L.	Hageselleri	TG/82/4 av 17.4.2002
<i>Apium graveolens</i> L.	Knollselleri	TG/74/4 retting av 17.4.2002 + 5.4.2006
<i>Beta vulgaris</i> L.	Bladbete	TG/106/4 av 31.3.2004
<i>Beta vulgaris</i> L.	Raudbete, medrekna Cheltenham-bete	TG/60/6 av 18.10.1996
<i>Brassica oleracea</i> L.	Grøn kål	TG/90/6 av 31.3.2004
<i>Brassica rapa</i> L.	Kinakål	TG/105/4 av 9.4.2003
<i>Brassica rapa</i> L.	Nepe	TG/37/10 av 4.4.2001
<i>Cichorium intybus</i> L.	Sikori med store blad	TG/154/3 av 18.10.1996
<i>Citrullus lanatus</i> (Thunb.) Matsum. et Nakai	Vassmelon	TG/142/4 av 31.3.2004
<i>Cucurbita maxima</i> Duchesne	Kjempegraskar	TG/155/3 av 18.10.1996
<i>Petroselinum crispum</i> (Mill.) Nyman ex A. W. Hill	Persille	TG/136/5 av 6.4.2005
<i>Phaseolus vulgaris</i> L.	Prydbønne	TG/9/5 av 9.4.2003
<i>Raphanus sativus</i> L.	Svart reddik	TG/63/6 av 24.3.1999
<i>Rheum rhabarbarum</i> L.	Rabarbra	TG/62/6 av 24.3.1999
<i>Scorzonera hispanica</i> L.	Skorsonerrot	TG/116/3 av 21.10.1988
<i>Solanum melongena</i> L.	Eggplante	TG/117/4 av 17.4.2002

Teksta til desse rettleiande prinsippa er å finne på nettstaden til UPOV (www.upov.int).»